



Gloppen kommune

Plan og utgreiing




Mottakarar i følge liste

Vår ref.
19/4162

Dato
04.04.2019

Referat frå landsbyrådet 4. mars 2019

	Sak	Ansvar
1	<p>Aktivitetsplan godkjent av formannskapet</p> <p>Aktivitetsplanen som landsbyrådet har jobba med vart lagt fram og godkjent av formannskapet 12. februar 2019.</p> <p>Hovudfokus i 2019 er å legge til rette for landsbylaurdag ein gong i månaden gjennom heile året. Desse laurdagane skal byggje opp om Gloppen sin posisjon «Ein rikare kvardag – midt i verda» gjennom å skape ein inkluderande møteplass i kommunesenteret for folk i alle aldrar. Målsettinga er at lag og organisasjonar, kultur og næringsaktørar melder seg på, og bruker denne arenaen til å marknadsføre seg og si bedrift. Samstundes som dei er med å gje noko igjen til lokalsamfunnet ved å skape aktivitetar og møteplass i handelssentrumet i kommunen på ein laurdag. Kommunen koordinerer aktivitetane, og legg til rette med infrastruktur (lyd og rigging av heradsplassen).</p> <p>Elles vert det jobba med ein landsbykonferanse i okt/nov. Målgruppene for konferansen er lokalt næringsliv, utbyggjarar, butikkdrivarar, kulturaktørar, politikarar, kommuneadministrasjon, lag- og organisasjonar og engasjerte innbyggjarar.</p>	
2	<p>Landsbylaurdagar så langt</p> <p>Innspel frå møtedeltakarane:</p> <p>Starten på noko som gir meir liv til sentrum. Meir folk i gatene. Viktig å legge til rette for element/møblering som fungerer som møteplasser også når det ikkje er landsbylaurdagar. Må bruke eit år før vi evaluerer. Ønskjer tilbakemelding frå butikkane om dei opplever positiv effekt av landsbylaurdagar.</p> <p>Landsbylaurdagar skal byggje opp om posisjonen til Gloppen «Ein rikare kvardag - midt i verda». Det skal vere ein inkluderande møteplass for folk i alle aldre. Gjennomføring av landsbylaurdag vil krevje litt ressursar i starten til møteplassen fungerer, og lag- og organisasjonar melder seg på for å delta og tek ansvar for aktivitetar. Vi ser dette er i ferd med å ta form. Enno bør det</p>	

	<p>vere minimum to, helst tre som har hovudansvar på landsbylaurdagar til rigging og organisering. Om medlemmer i landsbyrådet har høve til å stille på ein eller fleire laurdagar, så er det flott. Fått avtale om at det vert gitt møtegodtgjersle for dei i landbyrådet som stiller på. Gje melding til Birte.</p>	
3	<p>Bod/infrastruktur og utstyrlager Det er viktig at utstyr som skal brukast på landsbylaurdagar er lett tilgjengeleg. Det skal gå raskt å rigge opp og ned. Vi såg på mulege løysingar for utstyrsbod og plassering. Vi jobbar vidare med å få pris på ei bod som kan plasserast bakom Heradshuset mot parkeringsplassen til Aagård sko og kommunen.</p>	Birte
4	<p>Torgboder på heradsplassen Vi såg på døme frå ulike løysingar som andre tettstader har jobba med. Trondheim hadde ein spennande løysing som vi vil sjekke nærare opp. Dette ville kunne fungere som informasjonstavle i endene, og som torboder med tak når du slo dei ut.</p>   <p>Ringebu sine torboder er også interessante.</p> 	Birte

	<p>Vi skulle gjerne hatt ein plan for møblering av heradsplassen. Vi har ein fin 1000-års plass som vi skal ta godt vare på, og det er viktig at nye element harmonerer og ikkje øydelegg det som er laga. Kunne vi brukt masterstudentar til ei slik oppgåve? Birte sjekkar med ulike studie i Sogndal og Ås.</p>	Birte
5	<p>Marknadsføring av landsbylaurdagar Vi har fått litt kritikk for at landsbylaurdagar ikkje er meir annonsert i lokalavisa. Kommunen har faste annonseringar (kulturkalender kvar måned, og kunngjeringar kvar 14 dag) i Firda Tidend som vi koplpar oss på, men desse er gjerne ikkje heilt rett tidspunkt i forhold til arrangementet. Kommunen har laga arrangement på facebook, delt ut lappar og plakatar i butikkane. For dei som ikkje er på sosiale media er det vanskeleg å nå ut med informasjon. Øystein og Birte tek ein prat med avisa for å høyre på pris for ein standard annonse for landsbylaurdagar, der butikkane kjøper seg inn med små felt der dei kan marknadsføre tilbod, i lag med programmet for den aktuelle landsbylaurdagen.</p>	Øystein/Birte
6	<p>«Tommel opp Gloppen» Knut Roger orienterte om ein ny kanal på facebook Tommel Opp Gloppen. Dette skal vere ein kanal for formidling av positive hendingar som skjer i Gloppen. Skal byggje opp om posisjonen «Ein rikare kvardag – midt i verda». For å byggje eit omdømme, må kvalitetane vi har i Gloppen og den positive utviklinga som skjer, kommuniserast ut til målgruppene. Tommelen opp Gloppen arrangerer Inspirasjonskveld på hotellet 14. mars. Håpar flest mogleg frå landsbyrådet har høve til å delta.</p>	
7	<p>Cruisebåtar til Gloppen Knut Roger orienterte om samarbeid med Nordfjord hamn og cruisebåtar til Gloppen frå 2021. Det skal ikkje lagast kai, men turistar vert frakta i båt til land. Det vert jobba med å «pakke» tilbod som cruiseturistane ønskjer å delta på. Båtane vil kome inn på ein tysdag og onsdag i turistsesongen. Båtane vert liggande frå morgonen til ettermiddagen. I 2019 vil det kome ein cruisebåt den 26.mai. Denne vert liggande i nokre timar på ettermiddagen. Vidare i 2020 vil det bli mulegheit for overfartsturar med buss frå Olden. Kor mange turistar som vel denne løysinga, kjem ann på kor attraktive tilbod vi klarer å sy saman her i Gloppen. Sentrumsvandring/landsbyvandring er ein av pakkane vi skal sy i hop og tilby frå 2020. Det kom opp diskusjon om toalett i sentrum. Kommunen må sjekke ut status på toalettbygget ved Gloppebua. Bygget er i dag i bruk til trafo, og toaletta er stengt.</p>	Birte
8	<p>Status landsbykonferanse 2019 Knut Roger, Øystein, Ingvill og Birte fekk eit hovudansvar for å sy saman eit program for landsbykonferanse til hausten. Vi planlegg vidare med torsdag 1. nov. Startar med lunsj. Fokus på næringsliv som målgruppe i første bolc. Organiserer felles middag på ettermiddagen, og koplpar på frivillig lag- og organisasjonar her. Tidsramme frå 12.30 – 20.00.</p>	

	<p>Innspel på tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ta utgangspunkt i samfunnsdelen og fjordlandsbyen si rolle i ønska utvikling her. • Korleis ser framtidens arbeidsplass ut? Miljø for arbeidsplassutvikling. • Privat næringsliv som drivar for utvikling (utbygging). • Korleis riggar vi kommunesenteret til ein møteplass? Møteplass innanfor fleire felt. <p>Forslag til program må vere klart til neste møte i landsbyrådet.</p>	Birte
10	<p>Forslag til møteplan</p> <p>Vi fekk ikkje landa datoane. Vi legg opp til eit møte til før ferien, etter påske. Og to møter på hausten. Birte sender ut møteinnkalling i outlook.</p>	

Vennleg helsing

Birte Fossheim
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til

Geir Liavåg Strand
Jan Kåre Fure

Mottakarar

Bjarte Gangeskar
Hanne Bergliot Oftedal for kulturlivet
Ingvill Hestenes Gloppen Næringsorganisasjon
Knut Roger Berge Nesdal
Leidulf Gloppestad
Roar Henden Representant for grunneigarar
Solveig Lien Gusdal
Øystein Skinlo Butikkgruppa